



Tingvoll, 19.12.2025

Tingvoll kommune
postmottak@tingvoll.kommune.no

FRÅSEGN TIL SØKNAD OM SKOGBILVEG – TRONGVEGEN – GNR 43 BNR 5

Dykkar ref. 25/01264.

Naturvernforbundet ser at det i etterkant av stormen Amy kan bli påtrykk når det gjeld skogsbilvegar. Samtidig kan vi ikkje avlive naturmangfaldlova som følgje av Amy sitt besøk. Slik vi ser det må det vere eit visst minimum av sakshandsaming og vurdering, sjølv om ein tar sikte på å ta unna fleire saker enn normalt og på kortare tid.

Vi kjem difor til å sjå litt både på sakshandsaming og vurderingar kommunen gjer i denne typen saker framover. Vi ser for oss at våre undersøkingar ikkje vil gje noko fullstendig bilete av saka. Til det har vi ikkje ressursar tilgjengeleg. Men det vi ser har vi tenkt å spele inn i sakene. Viss vi kan finne dei sakene der ein bør gjere grundigare undersøkingar før ein gjer vedtak, vil vi meine at det er bra.

For vel 10 år sidan hadde Naturvernforbundet ein liknande gjennomgang. Då såg vi nærare på meir enn 15 forskjellige saker og spela inn ein del moment til sakshandsaminga, og vi gjorde det i løpet av ca. 2 veker frå vi fekk sjå saka.

Så konkret til Trongvegen.

På Artskart finn ein nokre registreringar ikkje så langt i frå omsøkte veg. Underteikna har gjort mesteparten av desse registreringane. Langs vegen og 100-200 meter ut på sør- og vestsida er det ikkje registreringar. Den kunnskapen Naturvernforbundet har om området er såleis det vi kan sjå av flyfoto og registreringar litt unna. På nordaustsida er det ikkje registreringar.

Øystein Folden frå Naturvernforbundet har gått vegtraseen 14.12.2025. Det var då ein del snø på marka, og vintertilstand, så det er avgrensa kva kunnskap ein kan samle om området, men noko er observert.

Når det gjeld kva inngrep denne søknaden vil føre til vil vi dele det i fire.

Grøfter og vatn

Dette er ei meir generell problemstilling. Veg fører til grøft og grøft fører til raskare vassføring. Det fører til endringar lenger ned i vassdraget. I tillegg vil grøft som leggst i myr føre til mindre fordrøyingsevne som aukar vassføringa i tillegg til at meir av vassføringa kjem på ein gong.


I Vågaelva som blir kryssa ved garden er det påvist elvemusling. Naturvernforbundet er usikker på korleis tilstanden er i dag for arten, men meiner ein må ta omsyn ved at løysingar tar høgde for at det er elvemusling i vassdraget og at det skal vere det i

framtida. Erosjon som fører til slam i elva er skadeleg for elvemuslingen. Heile vegstrekninga har avrenning til vassdraget.

Då noverande veg blei bygd, ser det ut til at det også har blitt grøfta i myra, både langs vegen og elles. For å unngå auka avrenning, bør ein vurdere å stenge igjen nokre av desse grøftene, slik at delar av myra igjen kan verke drøyande ved nedbør.

Frå garden langs noverande traktorveg til myra (A på kartet)

På denne strekninga går det veg i dag. Eventuell opprusting vil ikkje føre til nemnande større inngrep. Naturvernforbundet har ikkje merknader til denne strekninga, bortsett frå når det gjeld grøfter og vassføring. Erosjon kan føre til slam i elva. Grøft langs vegen, som ender opp i bekk og elv må få ei anna løysing.



Vegtrase frå garden og fram til C markert med fiolett. Mellom A og B krysser noverande veg stort sett djup myr. Frå B til C går vegen i myr, men det kan endrast.

Vidare ser ein grøne og oransje punkt. Dette er registreringar på artskart. Oransje punkt gjeld ål nærast brua og elvemusling litt lenger mot sørvest. Dei grøne punkta viser kartleggingsaktivitet, men ein må vurdere nærare kva kartlegginga fortel. Når det gjeld ål og elvemusling bør ein vere varsam med å plassere artane geografisk, men registrerer dette som at artane finst i elva.

Artskart 11.12.2025

Myra (A til C)

På strekninga A til B er det både dels djup myr og noko fastmark. Det går nokre grøfter i området i tillegg til dei som er direkte knytt til vegen. Om vegen skulle byggast i dag, kan det vere ein ville ha fått til mindre inngrep i myra. Truleg er det ikkje aktuelt å gjere om dette no, men ein bør sjå på om nokre av grøftene kan stengast av. Frå B til C er myra endå djupare. Dessutan er det eit alternativ å bygge vegen i overgangen mellom myr og fastmark. Ved å bygge veg i foten av lia kan ein bygge vegen på fastmark og

fylle igjen grøftene i myra. Det vil betre drøyinga av vatnet i myra ved nedbør og redusere grøftebehovet.

Uttak av stein (B-C)

Omtrent ved C er det ein større knaus som er omtala som aktuell stad for uttak av masse. Det er bergveggar med nokre meter høgde. Kva som finst av naturmangfald her er uvisst, då det var ein del vindfall som ein måtte halde seg unna. Dessutan er dagane korte.

Konklusjon:

Grøfter og vatn må få stor merksemd, slik at det ikkje blir avrenning av masse til vassdraga i området.

Med justering av veglina mellom B og C vil ein spare ein del myr for inngrep, og det er mogleg å restaurere tidlegare inngrep.

Bergveggane der det er aktuelt å ta ut masse (C) er ikkje kartlagd

Når vedtaket i saka ligg føre, så ber vi om å få dette tilsendt.

Med helsing

Øystein Folden
leiar